

Regnkald let eg harpa
Hyrde min veg
I tonar som leiker i draup
I tårar frå frå svartkald sky
Bak meg i tid sler mitt fylgje
Takta med knoklar frå mi grav
Framfor meg i tid syng mitt fylgje
Med pusten som liv meg gav

Du som går foran men fylgjer
Du som viser men dyljer
Mitt innerste indre
Mitt ytterste ytre
Om eg lytter kan høyre
Deg som runar i øyre
Du som varslar mitt komme
Om eg varar får sjå

Eg er ljosi - som kun ein skimtar
Eg er tåka - huldar heimen
Eg er elden - logar notti
Eg er vargen - veider i din draum

Framfyre
Fylgjer deg
Kvart eit steg
På din veg

Leitar...
I vind og vev
Nagleriss og rop i nauden
Nauden